



Agnes Hoshovde Bernes

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/2246 - 18/17408

Saksbehandlar:

Trine Merete Jansen

TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:

07.12.2018

## Referat etter møte i SU/SMU - Sæbø skule

Stad: Sæbø skule, møterommet

Tid: Onsdag 26. september , kl. 17:00

Desse møtte: Elevrådet - to representantar, Arve Hagesæter, Solveig Elvik, Marte Kristin Merkesdal Klanderud, Jon Askeland (vara for Agnes Hoshovde Bernes), Ina Jeanette Vågenes Sævdal (vikar for Thor Inge Lone), Vilde Follesø, Kari Mette Ulvatn Bø, og Trine Merete Jansen.

Desse møtte ikkje: Agnes Hushovde Bernes og Thor Inge Lone. Begge var representert med vara.

### 1. Godkjenning av innkalling

Ingen merknader!

### 2. Godkjenning av referat frå sist møte

Ingen merknader!

### 3. Lekser i friminutt? Elevrådet tok opp spørsmål om det vil vera mogeleg å få gjere lekser i friminutt.

Vi drøfta saka, fekk innspel både frå elevrådet, føresette, skule og politisk. Det vart også diskutert lekser generelt. Konklusjon i saka: Elevane skal bruke friminutt til fysisk aktivitet og sosial samhandling med andre. Skulen vil ha fokus på bruk av lekser, både med tanke på mengd og kva type lekser elevane skal få. Vidare vil skulen sjå på moglegheten for at elevane på mellomsteget kan få prøve ut ei ordning der lekser kan gjerast på skulen etter undervisninga er ferdig, ein dag pr. veke periode. Elevrådet skal saman med kontaktperson for elevrådet, og skuleleiinga, sjå på dette saman. Etter utprøving skal ordninga evaluerast. Utprøving vil truleg kunne skje frå januar 2019.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

#### 4. Status uteområdet

Oppgradering av uteområdet har tatt mykje lengre tid enn det som var tenkt. Viser til orientering på sist møte. Slik det ser ut pr. i dag, vil asfaltering av området bli ferdigstilt i løpet av den neste veka (veke 49). Når det gjeld etablering av leikeapparat og gummimatter, så vil dette arbeidet ikkje bli gjennomført før godt ut på nyåret. For å kunne leggje gummimattene, er vi avhengig av stabil temperatur over 10 grader.

Vidare kom Jon Askeland med ei gladmelding om at ballbingen vil bli rehabilitert i 2019, då det er sett av midlar på budsjettet til dette.

#### 5. evaluering av ordensreglementet

Ordensreglementet blir endra/oppdatert slik at det stemmer med gjeldande nytt lovverk frå hausten 2017, etter §9a i opplæringslova. Ein har tidlegare brukt eit månadskjema for tilbakemelding til heimen. Dette har ikkje vore i bruk dei siste åra, og ein ser ikkje gevinst med å ta det i bruk. Dette blir fjerna. Rektor oppdaterer/revidere med dette som utgangspunkt.

#### 6. Framlegg til revidering av «Handlingsplan for godt skulemiljø», etter nytt lovverk opplæringslova § 9a.

Skulen har utarbeidd eit framlegg til ny plan; «Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø». Alle fekk ein kopi av framlegget, med påfølgande raskt gjennomgang. FAU-leiar legg planen fram for FAU, og kjem med innspel i neste SU/SMU møte. Leiar av SU/SMU kjem også med innspel. Framlegget til ny plan er godt gjennomarbeidd på skulen, og vi ha bland anna laga ny visjon og verdigrunnlag. Planen er også i samsvar med nyleg utarbeidd overordna plan som gjeld for barnehagar og skular i Radøy.

#### 7. Eventuelt

Rektor la fram resultata etter nasjonale prøvar. Resultata er publisert på Utdanningsdirektoratet si heimeside [udir.no/statistikk](http://udir.no/statistikk) og i Skoleporten. Vi har svært gode resultat på rekning, som ligg godt over nasjonalt snitt. Vi ser også svært god framgang når det gjeld lesing, men her må vi halde fram det gode arbeidet for å nå målet om resultat på nasjonalt snitt. Engelsk er også noko vi må ha fokus på, der også skåren er litt under nasjonalt snitt.

Med helsing

Trine Merete Jansen  
Rektor Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jon Askeland

**Mottakrar:**

Agnes Hoshovde Bernes			
Arve Hagesæter	Radøyvegen 364	5938	SÆBØVÅGEN
Kari Mette Ulvatn Bø			
Marit Hornnes			
Marte Kristin Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Solveig Beate Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER
Thor Inge Lone			
Vilde Follesø			